

ADVOKATFIRMAET  
**HARRIS**

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår ref.:  
102824/1123401

Ansvarlig adv.:  
Robert Neverdal

Dato:  
31. mars 2016

**KLAGE PÅ VEDTAK -AVSLAG PÅ SØKNAD OM UTSLEPPSSLØYVE –  
KOMMUNENS SAKSNUMMER 145/16**

Lindås kommune avslo den 10.3.2016 søknad om utsleppsløyve på gnr 181 bnr 11 etter søknad fra Olav Thorsheim.

Vedtaket blir med dette påkla. Klagefristen er 3 veker, og klagen er difor sendt i tide.

**I. Klagegrunnar**

Olav Thorsheim opplyser at kringliggende eigedomar har fått utsleppsløyve. Dette har dei fått i nyare tid. Vi kan ikkje så grunnlaget for at kommunen kan avslå søknaden frå Thorsheim når andre eigedomar har fått utsleppsløyve. Dette er i så fall usakleg forskjellshandsaming som må medføre at vedtaket blir oppheva og at løyve blir gitt.

Eg ber i den samanheng om at kommunen sender meg utsleppsløyver som er gitt naboeigedomar. Desse vedtaka nå vi få i hende snarast. Dette gjeld gnr 181 bnr 7 og gnr 182 bnr 1. Dersom det er andre eigedomar i tillegg må vi få det opplyst.

Kommunen legg til grunn at bygningen på eigedomen ikkje er registrert som heilårsbustad, og at ein søknad om endring er avslått. Dette vedtaket er påkla til Fylkesmannen, og Thorsheim har i den samanheng påpeika at bygget er ført opp og godkjent som heilsårsbustad.

Under einkvar omstendighet må kommunen vurdere om eigedomen kan få utsleppsløyve med den status bygningen har i matrikkelen i dag – kode 162. Dette er ein feil med vedtaket som ein ber blir retta opp av kommunen, eventuelt klageinstansen.

Lindås kommune sitt vedtak av 5.1.2016 vedr retting av matrikkellopplysningar er påkla til Fylkesmannen. Vi vil kome tilbake til kommunen når klagehandsaminga for dette vedtaket er ferdighandsama. Ein tek i den samanheng etterhald om å kome med fleire klagegrunnar.

Med vennlig hilsen  
Advokatfirmaet Harris

---

**Advokatfirmaet Harris DA**  
Dreggsalmenningen 10/12  
5003 Bergen  
NO 859 234 232 MVA

102824/1123401

Postboks 4115 Sandviken  
5835 Bergen  
Tlf.: 55 30 27 00

www.harris.no

Den norske advokatforening  
EuroAdvocaten  
Advocatia AS

Side 1 av 2

ADVOKATFIRMAET  
**HARRIS**

  
Arild Nondal  
Senioradvokat  
an@harris.no  
959 90 032